

Tenestetilbydarar

Høyanger 10.02.2025
Vår sakshandsamar: Stig Jonny Fitje

Innhenting av tilbod - Vedlikehald på gravplassar

Høyanger Kyrkjelege fellesråd har ansvaret for vedlikehald av gravplassane i Høyanger kommune. Arbeidet med slått og gartnartenester på gravplassane og grøntareala ved kyrkiene vert med dette lyst ut på anbod for perioden 2025-2027, som open anbodskonkurranse.

Den samla kontraksverdien for ein treårig avtale er berekna å vere under nasjonal terskelverdi 1,3 millionar, slik at Forskrift om offentlege anskaffelser, del I vert følgd.

Treng tilbydar meir informasjon enn konkurransegrunnlaget som ligg vedlagt, kan ein sende e-post til sf729@kyrkja.no eller ringe kyrkjeverja på mobil 917 63 803.

Dersom det er ønskjeleg med synfaring vil dette bli avtalt samla med dei interesserte tilbydarane.

Skatteattest er naudsynt kvalifikasjonskrav for å ta del i konkurransen.

Tildelingskriteria er 50% pris, 20% kvalitet og 30% miljø.

Pris blir vurdert som totalpris inkludert opsjonar for tilleggstenester.

Kvalitet blir vurdert med dokumentert erfaring, fagbrev, ansvarsforsikring, utstyr ein har til rådvelde.

Miljø blir vurdert etter om ein brukar klimagunstig utstyr t.d. elektrisk, kan dokumentere godt vedlikehald av utstyret og god ressursutnytting.

Tilbod må sendast til post.hoyanger@kyrkja.no merka (emnefeltet): Vedlikehald Gravplassar innan 03.03.2025 kl. 12:00

Det vert ikkje arrangert offentleg anbodsopning, men e-postane vert heller ikkje opna før fristen går ut.

Mvh
Stig Jonny Fitje
Kyrkjeverje mob. 91763803

Vedlagt ligg:

Konkurransegrunnlag 2 sider (pkt. 1-8)

Tilbodsskjema 2 sider (pkt. 1-5)

Kravspesifikasjon

1.0 Kontrakten gjeld slått og vedlikehald på gravplassane i Høyanger:

1.1 Bioklipp på gravplassar og grøntareal ved kyrkjene i Høyanger kommune.

Plenar	Plenklipp (bioklipp) på alle plenar og gravfelt i tidsrommet primo (starten av) mai t.o.m. ultimo (slutten av) september. (14 gonger pr. år)
Kantklipping	Rundt alle gravsteinar på alle gravfelt (mai t.o.m. september), samt ut mot mur/gjerde/trapper 1. gang pr. mnd.
Frekvens	Ulik vekst til ulike tider på året, og omsyn til vêrtilhøve tilseier at tenesteytar brukar noko skjøn. I vekstsesongen legg ein til grunn bioklipp minst kvar 10. dag. Graset må aldri overstige 10 cm.
Kalking/gjødsling	Vedlikehald av grasareal omfattar også kalking som tilbydar etter jordprøve ser som nødvendig for at grasarealet skal framstå som velhalde. Eventuell gjødsling ved behov er eit bestillingsoppdrag som vert å fakturere særskilt.

1.2. Areal og lokalisering

Areal er berekna ut frå kartmateriale.

Plen i to nivå rundt og ved Høyanger kyrkje:	3000 m ²
Sæbø gravplass:	6000 m ²
Høgereina gravplass:	6000 m ²
Kyrkjebø gravplass:	3000 m ²
Vadheim gravplass:	1500 m ²
Lavik gravplass:	3200 m ²
Bjordal gravplass:	2500 m ²
Ikjefjord gravplass:	1500 m ²
Totalt ca.:	26700 m²

1.3. Opsjon på anna vedlikehald av grøntareal/gartnartenester

Tilbydar vil få opsjon på anna gartnararbeid på kyrkjegardane, og skal ved avtaleinngåinga forplikte seg på å kunne levere fyljande tenester som bestillingsoppdrag:

- Klipping av hekk/tre/busker
- Gjødsling
- Fjerning av tre
- Gravstell med digital dokumentasjon

Utstyr:

Tenesteleverandør er ansvarleg for å stille med mannskap, utstyr og materiell som er nødvendig for å utføre arbeidet under punkta 1.1, 1.2. og 1.3. Det må leggest fram oversikt over kva utstyr som vert nytta.

2.0 Avtaleperiode

Arbeidet vert lyst ut som ein treårig kontraktsperiode 2025 - 2027 med oppstart primo mai 2025.

Ved avvik/klage skal tilbydaren varslast snarast med høve til å rette opp avviket. Ved gjentekne avvik frå det som er avtalt i kontrakten, kan avtalen seiast opp i kontraktsperioden med 3 månaders skriftleg varsel.

3.0 Arbeidstid

Arbeid på kyrkjegardane skal fortrinnsvis gjerast på dagtid, eller evt. på ettermiddag før mørkets frambrudd. Ref. kyrkjegardsvedtektene. Det skal ikkje utførast arbeid på kyrkjegardane på søndagar og helgedagar. Det skal ikkje gjerast vedlikehald på kyrkjegarden dei dagar det er gravferd på kyrkjegarden. Melding om gravferd skal gjevast til tenesteytar straks tidspunkt for gravferda er fastsett.

4.0 Forsikring / erstatningsplikt

Tenesteytaren pliktar å ha **ansvarsforsikring** som er dekkande i høve til skadar som kan oppstå med utgangspunkt i dei pålagde arbeidsoppgåvene. Tenesteytar pliktar til dømes å svare erstatning for skadar som oppstår på utstyr og gravminne på grunn av aktløyse eller brot på lover og reglar.

Forsikringsprovet skal innehalde opplysningar om forsikringsprinsipp og storleik på eigendel og skal på oppfordring kunne leggjast fram for oppdragsgjevar.

5.0 Kvalifikasjonskrav

Tenesteleverandøren må ha erfaring frå tilsvarande oppdrag dei siste 3 åra, og må dokumentere dette med oppdragets verdi, tidspunkt, mottakar og referanse. Det vert lagt vekt på kompetanse, erfaring og pålitelegheit. Leverandøren må ha nødvendig gjennomføringsevne og kapasitet til oppdraget. Mannskapsstyrke og maskinpark som skal nyttast til oppdraget må opplysast.

6.0 Økonomisk/Finansiell kapasitet

Leverandøren skal ha finansiell styrke til å oppfylle kontrakten. Det er krav om kredittvurdering, eller siste godkjende rekneskap

7.0 Tildeling

Innkome tilbod vil verte vurdert av representantar for Høyanger Kyrkjelege fellesråd.

Etterspurt dokumentasjon må foreligge for at tilbodet skal kome i betraktning.

Kontrakttildelinga vil gå til den tilbydaren som samla sett leverer best på pris, miljø og kvalitet.

8.0 Forkasting av tilbod

Høyanger Kyrkjelege fellesråd hevdar retten til å kunne **forkaste alle tilbod**, og tek atterhald om budsjettmessig dekning av tenestekjøpet.

TILBODSSKJEMA

Tilbodsskjema frå _____

For Høyanger Kyrkjelege fellestråd tilbyr eg/vi oss å utføre **alt arbeid som er skildra i tilbodsgrunnlaget** i 3 sesongar rekna frå og med primo mai 2025, og med dei atterhald som er teke nedanfor (eller i eige tilbodsbrief).

1 Tilbodssum

Pkt. 1.2.a) Plenklipp på kyrkjegardar i Høyanger Kommune:

Plen i 2 nivå ved Høyanger kyrkje:	3000 m2: Kr. _____
Sæbø gravplass:	6000 m2: Kr. _____
Høgereina gravplass:	6000 m2: Kr. _____
Kyrkjebø gravplass:	3000 m2: Kr. _____
Vadheim gravplass:	1500 m2: Kr. _____
Lavik gravplass:	3200 m2: Kr. _____
Ikjefjord gravplass:	1500 m2: Kr. _____
Bjordal gravplass:	2500 m2: Kr. _____

	Kr. (eks. mva)
Plenklipp og kantklipp (maskinleige er inkludert). Pris per år	
Pris pr. ekstraklipp pr. mål	

Pkt. 1.3 Anna rekningsarbeid på bestilling

Tilbydar vil kunne levere tenester etter særskilt avtale

- Klipping av hekk/tre/busker
- Gjødsling
- Fjerning av tre
- Gravstell med digital dokumentasjon

	Kr. (eks. mva)
Timepris arbeidar	
Timepris maskin	

2 Løns- og prisjustering:

Avtalt sum vert regulert slik:

1. _____ 2. _____

(Tilbudet vert rekna som fastpristilbod om tilbydar ikkje framstiller krav om løns- og prisstiging)

3 Atterhald i tilbodet

Det er teke følgjande atterhald som er vedlagt skriftleg saman med tilbodet:

1. Vedrørande: _____ 2. Vedrørande: _____ (osb)

4 Utstyr

Kort skildring av utstyr, drivstoff m.m. i høve miljøkrav:

5 Oppstart

Oppstartdato tidlegast: _____ (05.05.2025 om ikkje anna er oppgjeve)

6 Om verksemda

Verksemda sin daglege leiar: _____

Den som utfører oppdraget _____

Kontaktinformasjon verksemda:

Adresse: _____

Telefon: _____

E-post: _____

Stad og dato

Underskrift tilbydar

Dokumentasjonskrav/vedlegg til tilbodet

- Attest for betalt skatt og trygdeavgift, ikkje eldre enn 6 md.
- Attest for betalt meirverdiavgift
- Firmaattest
- Dokumentasjon av internkontroll (HMT-dokument med miljøerklæring)
- Siste godkjende rekneskap / kredittvurdering
- Referansar for siste tenesteoppdrag, og verdien av disse.